



**Utval:** Utval for plan og miljø  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Rådhuset  
**Dato:** 19.03.2014  
**Tid:** 13:00: 16:15

## Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Torstein Grimen	Leiar	H
Annar Westerheim	Nestleiar	AP
Bård Inge Sørfonn	Medlem	KRF
Sigurd Andre Maraas	Medlem	FRP

## Forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Gunn Marit Søreide	Medlem	AP

## Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Margareth Hillestad	Gunn Maris Søreide	H

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Torgeir Steien	Konst. leiar plan og utv.
Kristin Meland	Utvalssekretær

  
Torstein Grimen  
Leiar

Margareth Hillestad

Annar Westerheim

  
Kristin Meland  
Utvalssekretær

<b>Saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Lukket</b>
PS 23/14	Godkjenning av protokoll	
PS 24/14	Saker handsama etter delegering	
PS 25/14	Sjøtroll Havbruk AS - Søknad om utvida settefiskkonsesjon i Kjærelva	
PS 26/14	Ny handsaming av søknad om dispensasjon for bygging av veg til naustområde N6 (50/19)	
PS 27/14	Oppføring av bustadhus	
PS 28/14	Rammesøknad for løyve til plassering av nytt bustadhus på 49/23.	
PS 29/14	Fylkesmannen i Hordaland, klage på vedtak om bruksendring av løyve på 41/2 Kuvik.	
PS 30/14	Søknad om løyve til riving av SEFRAK-registrert bygg på 61/11	
PS 31/14	Restansar pr. 13.03.2014	
PS 32/14	Ymse	

## **PS 23/14 Godkjenning av protokoll**

### **Framlegg til vedtak:**

Utval for plan og miljø godkjenner protokoll frå møte 03.03.214

### **Behandling i Utval for plan og miljø - 19.03.2014:**

#### **Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

## **PS 24/14 Saker handsama etter delegering**

### **Framlegg til vedtak:**

Utval for plan og miljø tek delegeringssakene til vitande.

### **Behandling i Utval for plan og miljø - 19.03.2014:**

**Representanten Torstein Grimen (H)** hadde spørsmål til sak DS 62/14 vedk. løyve til landing helikopter.

Sakshandsamar Bjørnar Løkstad orienterte om saka som er handsama etter lov om motorferdsle.

#### **Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

## **PS 25/14 Sjøtroll Havbruk AS - Søknad om utvida settefiskkonsesjon i Kjærelva**

### **Framlegg til vedtak:**

Fitjar kommune har ikkje merknader til søknaden frå Sjøtroll Havbruk AS ut over det som går fram av vurderingane i saksframlegget, og stør ei utviding av settefiskkonsesjonen. Det er positivt at ein ved hjelp av resirkuleringsteknologi kan oppnå ein større produksjon utan å måtte auke vassuttaket.

Avbøtande tiltak knytt til lukt og støy må vurderast som vilkår i det føreståande reguleringsplanarbeidet.

### **Behandling i Utval for plan og miljø - 19.03.2014:**

#### **Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

## **PS 26/14 Ny handsaming av søknad om dispensasjon for bygging av veg til naustområde N6 (50/19)**

### **Framlegg til vedtak:**

Utval for plan og miljø finn ikkje at det er dokumentert at det ligg føre overvekt av grunnar som talar for at vert gjeve dispensasjon frå kravet om reguleringsplan etter kommuneplanen sine føresegner og frå byggjeforbodet etter plan og bygningslova si § 1-8.

Vedtaket er fatta med heimel i kommuneplanen med føresegner, plan- og bygningslova §§ 1-8 og 19-2.

### **Behandling i Utval for plan og miljø - 19.03.2014:**

Utval for plan og miljø føretok synfaring i saka.

### **Representanten Bård Inge Sørfonn (KrF) kom med følgjande framlegg til vedtak:**

Utval for plan og miljø finn at det ligg føre overvekt av grunnar for å gi dispensasjon frå kravet om reguleringsplan etter kommuneplanen sine føresegner og frå byggjeforbodet etter plan- og bygningslova. Vegen vil verta mindre synleg i terrenget enn eksisterande på 40 meter som er frå slutten av 1949/begynnelsen av 1950. Den nye vegen vert betre plassert i terrenget. Fulldyrka areal vil verta spart for unødvendig tråkk og køyring, ved at Fitjar kraftlag vil nytta vegen for tilkomst til koblingsstasjonen for breiband til Bømlø.

### **Røysting:**

Ved røysting fekk administrasjonen sitt framlegg 0 røyster og fall.

Framlegg frå Bård Inge Sørfonn vart samrøystes vedteke og det ligg føre slikt;

### **Vedtak: (Samrøystes)**

Utval for plan og miljø finn at det ligg føre overvekt av grunnar for å gi dispensasjon frå kravet om reguleringsplan etter kommuneplanen sine føresegner og frå byggjeforbodet etter plan- og bygningslova. Vegen vil verta mindre synleg i terrenget enn eksisterande på 40 meter som er frå slutten av 1949/begynnelsen av 1950. Den nye vegen vert betre plassert i terrenget. Fulldyrka areal vil verta spart for unødvendig tråkk og køyring, ved at Fitjar kraftlag vil nytta vegen for tilkomst til koblingsstasjonen for breiband til Bømlø.

## **PS 27/14 Oppføring av bustadhus**

### **Framlegg til vedtak:**

Utval for plan og miljø ber om at byggjehøgda på bustad vert redusert til det som etter føresegnene er lovleg byggjehøgda, dvs topp «møne» kote 50. moh.

Ulovleg oppført «badehus» må rivast.

Utval for plan og miljø ber administrasjonen om å gje førehandsvarsel i samsvar med plan og bygningslova si § 32-2, både når det gjeld pålegg om redusert byggjehøgda for bustaden på bnr. 124 og riving av ulovleg oppført bygg på ca 60 kvm på same bnr.

Moglege brot på opplysningsplikt og ansvarsrett som er gjort av Helland Bygg as vert å fylgje opp.

### **Behandling i Utval for plan og miljø - 19.03.2014:**

Utval for plan og miljø foretok synfaring i saka.

### **Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

## **PS 28/14 Rammesøknad for løyve til plassering av nytt bustadhus på 49/23.**

### **Framlegg til vedtak:**

Utval for plan og miljø tilrår at det kan gjevast løyve til bygging av ny bustad på det som er vist som alternativ 3. Dette under føresetnad av at byggjemelding for bustad, syner plassering som nemnd i saksutgreiing og vurderingar.

Vedtaket er fatta med heimel i gjeldande kommuneplan med føresegner.

### **Behandling i Utval for plan og miljø - 12.02.2014:**

**Representanten Annar Westerheim (Ap)** kom med framlegg om å utsetje saka i påvente av synfaring.

### **Røysting**

Utsetjingsframlegg vart vedteke med 3 røyster.

### **Vedtak: (Samrøystes)**

Saka vart utsett i påvente av synfaring.

### **Behandling i Utval for plan og miljø - 19.03.2014:**

Utvalet foretok synfaring i saka.

Utvalet drøfta saka og kom med følgjande endring i første setning som då skal lyde slik:  
Utval for plan og miljø tilrår at det kan gjevast løyve til bygging av ny bustad på det som er vist som alternativ 3 med mindre justeringar

**Vedtak: (Samrøystes)**

Utval for plan og miljø tilrår at det kan gjevast løyve til bygging av ny bustad på det som er vist som alternativ 3 med mindre justeringar. Dette under føresetnad av at byggjemelding for bustad, syner plassering som nemnd i saksutgreiing og vurderingar.

Vedtaket er fatta med heimel i gjeldande kommuneplan med føresegner.

**PS 29/14 Fylkesmannen i Hordaland, klage på vedtak om bruksendring av løe på 41/2 Kuvik.****Framlegg til vedtak:**

Utval for plan og miljø opprettheld sitt vedtak i sak PS-75/13 av 23.10.2013.

Saka vert send fylkesmannen for avgjerd.

**Behandling i Utval for plan og miljø - 19.03.2014:**

**Representantene Torstein Grimen (H) og Sigurd Andre Maraas (FrP)** kom med slikt fellesframlegg til vedtak :

Fylkesmannen er ikkje negativ til restaureringa av løa, så ein forutsett at restaureringsløyvet/gjenreisingsløyvet er i orden (ikkje påklaga) og at det er bruksendringa fylkesmannen her er negativ til, ref. konklusjon i brev frå fylkesmannen i saka. Men med bakgrunn i sittande regjering sitt brev til fylkesmannen om bruk av innsigelsar, er dette heilt i tråd med det vedtak gjort av fleirtalet av politikarane i utvalet. Fleirtallet av politikarane i utvalet har heile tida vært positive, og dette er i tråd med den politikk Fitjar kommune sine politikarar ønskjer å ha for både øyer og andre områder. Det er lokale tilhøve som gjør at dette er fornuftig, og kvart slikt tiltak må uansett handsamast som enkeltsaker kvar for seg.

Det er viktig å ta vare på eldre bygningar slik at ein tek vare på dei kulturverdiar som ligg i eldre bygningar. Sjølv om bygget ikkje stettar krava som bustad etter dagens standard, så ynskjer utval for plan og miljø at eigarane av huset vert stimulert til å ta var på dette. Utval for plan og miljø vurderer det dit hen at bustaden i Kuvik vert best ivareteke med våre vurderingar. Utvalet har vore på synfaring og ber fylkesmannen om ikkje å undervurdere lokal kunnskap og gode vurderingar som kan føre til at dispensasjonar vert gjeven i nokre tilfeller.

Utval for plan og miljø finn at det er overvekt av grunner som talar for at det vert gitt dispensasjon for punkt 1. Restaurering/gjenreising og punkt 2. Bruksendring av løe på 41/2 Kuvik.

Utvalet stiller seg positiv til en ny synfaring saman med fylkesmannen sine representanter om nødvendig. Nytt og viktig areal vert ikkje råka, noko som medfører at kystlyngheiene vert teke vare på og skjøtsla i tråd med overordna mynde sitt ønske.

Dispensasjon vert gjeven i tråd med pbl. § 19-2.

Utval for plan og miljø oppretthald difor sitt vedtak i PS 75/13 av 23.10.2013.

Saka vert sendt fylkesmannen for avgjerd.

**Røysting:**

Administrasjonen sitt framlegg fekk 0 røyster og fall.

Framlegg frå Torstein Grimen og Sigurd Andre Maraas vart samrøystes vedteke og det ligg føre slikt;

**Vedtak: (Samrøystes)**

Fylkesmannen er ikkje negativ til restaureringa av løa, så ein forutsett at restaureringsløyvet/gjenreisingsløyvet er i orden (ikkje påklaga) og at det er bruksendringa fylkesmannen her er negativ til, ref. konklusjon i brev frå fylkesmannen i saka. Men med bakgrunn i sittande regjering sitt brev til fylkesmannen om bruk av innsigelsar, er dette

heilt i tråd med det vedtak gjort av fleirtalet av politikarane i utvalet. Fleirtallet av politikarane i utvalet har heile tida vært positive, og dette er i tråd med den politikk Fitjar kommune sine politikarar ønskjer å ha for både øyer og andre områder. Det er lokale tilhøve som gjør at dette er fornuftig, og kvart slikt tiltak må uansett handsamast som enkeltsaker kvar for seg.

Det er viktig å ta vare på eldre bygningar slik at ein tek vare på dei kulturverdiar som ligg i eldre bygningar. Sjølv om bygget ikkje stettar krava som bustad etter dagens standard, så ynskjer utval for plan og miljø at eigarane av huset vert stimulert til å ta vare på dette.

Utval for plan og miljø vurderer det dit hen at bustaden i Kuvik vert best ivareteke med våre vurderingar. Utvalet har vore på synfaring og ber fylkesmannen om ikkje å undervurdere lokal kunnskap og gode vurderingar som kan føre til at dispensasjonar vert gjeven i nokre tilfeller.

Utval for plan og miljø finn at det er overvekt av grunner som taler for at det vert gitt dispensasjon for punkt 1. Restaurering/gjenreising og punkt 2. Bruksendring av løyve på 41/2 Kuvik.

Utvalet stiller seg positiv til en ny synfaring saman med fylkesmannen sine representanter om nødvendig. Nytt og viktig areal vert ikkje råka, noko som medfører at kystlyngheiene vert teke vare på og skjøtsla i tråd med overordna mynde sitt ønske.

Dispensasjon vert gjeven i tråd med pbl. § 19-2.

Utval for plan og miljø oppretthald difor sitt vedtak i PS 75/13 av 23.10.2013.

Saka vert sendt fylkesmannen for avgjerd.

## **PS 30/14 Søknad om løyve til riving av SEFRAK-registrert bygg på 61/11**

### **Framlegg til vedtak:**

Utval for plan og miljø meiner at den SEFRAK registrert bustaden på gnr. 61 bnr. 11 må takast vare på, som det viktige kulturminne denne er.

Søknad om riving vert ikkje stetta.

Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova si § 20-1.e.

### **Behandling i Utval for plan og miljø - 19.03.2014:**

**Representanten Bård Inge Sørfohn (KrF)** kom med slikt framlegg til vedtak.

Utval for plan og miljø meiner at SEFRAK registrert hus på gnr. 61/11 må kunne rivast. Dette fordi det er full drift på garden og det meste av arealet allereie er i bruk på garden. Arealet vert nytta til slått og beite. Bruket har gjort mykje for å ta vare på kulturlandskapet i øvste Dalen, ved å helda område i drift. Ved å riva huset vil det vera mest skånsamme for å ta vare på kulturlandskapet. Huset ligg ikkje i urørt område, så ein vil ikkje ta i bruk noko av arealet som i dag er i drift. Det må også merkast at bygningar som er SEFRAK registrerte er ikkje tillagt spesielle restriksjonar. Registreringa fungerer meir som eit varsko om at det bør gjerast ei lokal vurdering av verdien før ein eventuelt gir løyve til å rive, flytte eller endre bygningen. Saka skal m.a. handterast etter kulturminnelova § 25 - Meldeplikt for offentlege organer, jfr. § 1 og 8 i jordlova og Pbl. § 20-e.

Utval for plan og miljø oppmodar tiltakshavar å ta kontakt med Sunnhordland museum om dei kan ha interesse av huset eller deler av bygningsmassen.

### **Røysting:**

Ved røysting fekk administrasjonen sitt framlegg 0 røyster og fall.

Framlegg frå Bård Inge Sørfohn vart samrøystes vedteke og det ligg føre slikt;

### **Vedtak: (Samrøystes)**

Utval for plan og miljø meiner at SEFRAK registrert hus på gnr. 61/11 må kunne rivast. Dette fordi det er full drift på garden og det meste av arealet allereie er i bruk på garden. Arealet vert nytta til slått og beite. Bruket har gjort mykje for å ta vare på kulturlandskapet i øvste Dalen, ved å helda område i drift. Ved å riva huset vil det vera mest skånsamme for å ta vare på kulturlandskapet. Huset ligg ikkje i urørt område, så ein vil ikkje ta i bruk noko av arealet som i dag er i drift. Det må også merkast at bygningar som er SEFRAK registrerte er ikkje tillagt spesielle restriksjonar. Registreringa fungerer meir som eit varsko om at det bør gjerast ei lokal vurdering av verdien før ein eventuelt gir løyve til å rive, flytte eller endre bygningen. Saka skal m.a. handterast etter kulturminnelova § 25 - Meldeplikt for offentlege organer, jfr. § 1 og 8 i jordlova og Pbl. § 20-e.

Utval for plan og miljø oppmodar tiltakshavar å ta kontakt med Sunnhordland museum om dei kan ha interesse av huset eller deler av bygningsmassen.

### **PS 31/14 Restansar pr. 13.03.2014**

#### **Framlegg til vedtak:**

Utval for plan og miljø tek saka til vitande.

#### **Behandling i Utval for plan og miljø - 19.03.2014:**

Utvalet drøfta saka og oppmodar administrasjonen om snarast å få tilsett person på oppmåling.

### **Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

### **PS 32/14 Ymse**

#### **Framlegg til vedtak:**

#### **Behandling i Utval for plan og miljø - 19.03.2014:**

##### **Rådmannen orienterte om:**

1. Folkemøte i forbindelse med Strandsoneplanen. Administrasjonen setter framlegg til dato.
2. Søknad til Kommunal- og moderniseringsdepartementet frå Samarbeidsrådet på vegne av kommunane som er med i «Interkommunal Strandsoneplan for Sunnhordland». Søknaden vert sendt utvalsmedlemene.

**Torstein Grimen (H)** melte forfall til Årsmøte Friluftsrådet Vest. Administrasjonen sender forespurnad til Gunn Marit Søreide som medlem i utvalet og Kari Rydland frå administrasjonen.

### **Vedtak:**